

Til stades: Hilde Reitan - leiar, Camilla Granlien – nestleiar, Kristian Hanto - nestleiar, Thomas Nilssen, Tormod Kleiveland, Torfinn Hofstad, Lene Furuli

Ekstern konsulent: Åsta Braathen

Meldt forfall: Anders Lunden Herfoss – 1.vara

Frå administrasjonen: Kristian Hanto – konst. dagleg leiar, Liv Annette Nygjerdet – dei tilsettes representant.

Tid: Torsdag 4. mai 2023 kl. 18-19

Stad: Teams

Referat

Styresak 2023/41 Innkalling og sakliste

Framlegg til vedtak: Innkalling og sakliste er godkjende.

Samrøystes vedteke.

Styresak 2023/42 Tilsetting av ny dagleg leiar

Hodejegerne v/ Åsta Braathen orienterte om sitt arbeid i tilsettingsprosessen. Tilsettingsnemnd var AU (Hilde Reitan, Camilla Granlien og Kristian Hanto) og tilsettes representant (Liv Annette Nygjerdet). Tilsettingsnemnda fremja samrøystes følgjande

Framlegg til vedtak: Styret tilset Aslak Brimi som ny dagleg leiar. Han tiltreir i slutten av august etter nærare avtale.

Samrøystes vedteke.

Styresak 2023/43 Ymse

a) Spørsmål om strøyming av Meisterkonserten på LF

Hilde orienterte om ny førespurnad frå hovudnemnda i Landsfestivalen 2023 om strøyming av meisterkonserten. Styret hadde tidlegare avslått slik strøyming. Ingen nye opplysningar låg føre. Styret såg ingen grunn til å be

administrasjonen om å førebu ny sak om spørsmålet. Styreleiar orienterer LF 2023 om dette.

b) E-postsak om aktivitetstilskot.

Styret hadde ikkje noko imot å behandle sak om aktivitetstilskot som e-postsak.